

PÅSKEHELSING

Vi går inn i ei spesiell påskehelg. Dei siste 14 dagane har vore ei blanding av vår og vinter. Vårkål og soleihov viste alt sin gule prakt. Neste dag var dei dekka av snø. Men berre for ei kort stund. Eit par dagar seinare var snøen smelta, og vårens fargeprakt kunne igjen utfalte seg.

Vi hadde planar for våren og sommaren. Men viruspandemien la seg som eit snødekkje over samfunnet vårt, og vi måtte halde oss heime og innadørs. Men berre for ein avgrensa periode. Det gode livet vil snart utfalte seg igjen.

Dette er påska sin dramatikk. Vonde og nedbrytande krefter utfaldar seg. Men Kristi kjærleik tek opp kampen, og etter ein avgrensa periode må mørkret vike, og det guddommeleg lyset bryt gjennom. Livet viser seg meir intenst enn nokon gong før. Det beste ligg alltid framfor oss, har ein vismann sagt.

*Lat oss ta vare på kvarandre og leve i trua på den oppstadne og levande Kristus.
God og velsigna påske.*

Geir Sørebø, prest.



DEN NORSKE KYRKJA